

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

[**872**] N-58258. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 50; 1990b: [43].)

Innskrifta eller inskripsjonen står på ei vevskei av (kval)bein. Skeia er bevart i tre brotstykke med ei samla lengd på 394 mm. Ho er 34 mm på det breiaste og 7 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1978, felt FU, hovudfase 8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet.

På sjølve bladet av vevskeia er det på ei side og på eitt av dei to brotstykkar runeteikn som er inn mellom to kryss. På det andre brot er det eit mogleg runeteikn -stav med to bogar utanpå kvarandre som dannar form som **p**. Skaftet på skeia utgjer det tredje brotstykket. På dette skaftet er det to parallelle snitt tett på kvarandre med eit tredje på skrått inn til toppen av desse to og rakt ned til grunnlina. Med atskillig tvil kunne dette oppfattast som **u**.

Den delen av innskrifta som står mellom dei to nemnde kryssa, er 90 mm lang, og største høgd på runene er 29 mm. Denne delen av innskrifta tek til med eit snitt som ligg på skrå heilt inn mot det første krysset. Det synest tvilsamt om dette er rissa som runeteikn. Deretter følgjer tydeleg rissa og udiskutabel **p**. Etter denne følgjer ein stav som er noko stuttare enn den i føregåande rune og nokså rett dregen boge heilt ned til basen av staven. Det må kunna oppfattast som **u**. Med markert større av stand enn til runa føre er det etter denne moglege **u**-runa endå ein mogleg **u**, men opp-ned i høve til den føregåande. I god avstand frå dette teiknet kjem så det avsluttande krysset. Det heile gir eit tilfelleleg inntrykk, og det er sjølvsagt eit spørsmål om dette verkeleg er meint å vera runer. Med alle atterhald vil ein likevel kunna lesa følgjande:

? × ? þ ꝛ(?) × þ(?)
? × ? þ u u(?) × þ(?)

Jamvel om vi går ut frå som sikkert at det her er tale om ei verkeleg runeinnskrift, er det sjølvsagt ikkje råd å finna språkleg meining i det som står.